



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
53/2016	Kommunestyret	PS	27.06.2016
63/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	13.06.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FA - K46	16/494

### FASTSETTING AV FELLINGSAVGIFTER FOR HJORT I VAKSDAL KOMMUNE - ENDRING AV SATSAR

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Viltnemnda i Vaksdal kommune, ved kommunestyret, fastset følgjande fellingsavgifter for hjort i kommunen frå og med jaktåret 2016:

- Vakse dyr : kr. 350 (frå 1 ½ år)
- Kalv : kr. 210

Vedtaket er fatta i medhald av § 40 i *Lov om jakt og fangst av vilt (viltlova)* og § 6 i *Forskrift for kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort*.

Vedtaket erstattar kommunestyrevedtaket om fellingsavgifter for hjort av 19.12.2001, og gjeld inntil vidare.

Alle hjorteaval i Vaksdal kommune skal informerast om vedtaket.

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 63/2016

#### FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

#### FPØ - Tilråding:

Viltnemnda i Vaksdal kommune, ved kommunestyret, fastset følgjande fellingsavgifter for hjort i kommunen frå og med jaktåret 2016:

- Vakse dyr: kr. 350 (frå 1 ½ år)
- Kalv : kr. 210

Vedtaket er fatta i medhald av § 40 i *Lov om jakt og fangst av vilt (viltlova)* og § 6 i *Forskrift for kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort*.

Vedtaket erstattar kommunestyrevedtaket om fellingsavgifter for hjort av 19.12.2001, og gjeld inntil

vidare.

Alle hjortevald i Vaksdal kommune skal informerast om vedtaket.

### **Kommunestyret - Sak 53/2016**

#### **KOM - Behandling:**

Samrøystes vedtak.

#### **KOM - Vedtak:**

Viltnemnda i Vaksdal kommune, ved kommunestyret, fastset følgjande fellingsavgifter for hjort i kommunen frå og med jaktåret 2016:

- Vakse dyr: kr. 350,- (frå 1 ½ år)
- Kalv : kr. 210,-

Vedtaket er fatta i medhald av § 40 i *Lov om jakt og fangst av vilt (viltlova)* og § 6 i *Forskrift for kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort*.

Vedtaket erstattar kommunestyrevedtaket om fellingsavgifter for hjort av 19.12.2001, og gjeld inntil vidare.

Alle hjortevald i Vaksdal kommune skal informerast om vedtaket.

#### **Saksopplysningar:**

##### **BAKGRUNN/RAMMER**

Med utgangspunkt i § 6 i *Forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort*, skal kommunar som har opna for jakt på hjort og/eller elg, fastsetje og krevje inn fellingsavgift for felte dyr av gjeldande artar innanfor ramma som Stortinget har fastsett, jf. § 40 i viltlova.

I Vaksdal kommune er det opna for jakt på hjort, og i følgje § 3 i den sentrale forskriftena, skal fellingsavgiftene reknast som inntekter til kommunale viltfond. Vedtekten for kommunen sitt viltfond, fastsett 17.12.2001, seier i dette høve at fellingsavgiftene skal overførast til viltfondet i sin heilskap, jf. sak 0116/1.

Vidare seier punkt 2 i vedtekten at kommunestyret gjev fullmakt til kommunen si vilt- og fiskenemnd til å fastsetje årleg fellingsavgift for hjort innanfor statleg ramme, jf. sak 0116/1. Vilt- og fiskenemnda er no nedlagt, og ansvaret for å fastsetje fellingsavgift går soleis attende til kommunestyre, som viltnemnd.

##### **SATSAR**

I kommunestyrevedtak av 19.12.2001, vart det fastsett følgjande fellingavgifter for hjort i Vaksdal kommune for 2002 (har vore gjeldande sidan):

- \* Fellingsavgift hjort, vaksen kr 300,-
- \* Fellingsavgift hjort, kalv kr 180,-

Maksimalsatsane for fellingsavgift for hjort i 2016, er i følgje Miljødirektoratet følgjande:

- \* Fellingsavgift hjort, vaksen kr 390,-
- \* Fellingsavgift hjort, kalv kr 236,-

#### ØKONOMISK FORHOLD

Viltendet skal nyttast til viltfremjande tiltak i vid forstand.

Under hjortejakta i 2015 var det felt 52 kalvar og 142 vaksne dyr, som gav kr. 51 960,- i innbetalte fellingsavgifter til viltfondet. I tillegg gav fondssaldoen kr. 7 559,- i inntekter. Bruken av midlar dette året var på kr. 39 797,-.

Saldoen for fondet var per 01.01.2016 kr. 429 086,-. I følgje punkt 3 i fondsvedtekten, skal fondet sin grunnkapital vere på minst kr. 100 000,-.

#### ETABLERING AV BESTANDSPLANOMRÅDE OG BESTANDSPLANAR OVER KOMMUNEGRENSEN

Det vert no etablert kommuneoverskridande bestandsplanområde og bestandsplanar for hjorteforvaltning i regi av rettshavarane. I følgje § 17 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt*, skal den kommunen med størst, teljande areal, vere administrasjonskommune, om ikke anna er avtalt. Dette inkluderer innkrevjing av fellingsavgifter for aktuelle planområde.

Vaksdal kommune får truleg administrasjonsansvaret i to planområde, som også omfattar areal i Modalen og Voss kommunar. I tillegg vert kommunen samarbeidskommune i andre planområde, utan administrasjonsansvar.

Ved ulike fellingsavgifter mellom kommunane, seier hjorteviltsforskrifta at det er satsane i administrasjonskommunen som skal leggjast til grunn. Dagens satsar viser følgjande variasjon mellom aktuelle kommunar:

	<i>Voss kommune</i>	<i>Modalen kommune</i>	<i>Osterøy kommune</i>
<i>Fellingsavgift vaksne dyr</i>	390,-	300,-	350,-
<i>Fellingsavgift kalv</i>	236,-	180,-	210,-

Administrasjonskommunen skal i utgangspunktet fordele fellingsavgiftene mellom kommunane etter same forhold som fordeling av teljande areal.

#### Vurdering:

Inntektene til det lokale viltfondet kjem i all hovudsak frå innbetaling av fellingsavgifter, og fondet er den viktigaste finansieringskjelda for kommunale tilskot til viltfremjande tiltak, både med tanke på kunnskapsutvikling og utøvande tiltak. Det er difor viktig å finne eit nivå på fellingsavgiftene som skapar økonomisk grunnlag, handlingsrom og engasjement for praktisk viltpolitikk. Samstundes bør storleiken på avgifta bli oppfatta som fornuftig og naturleg blant jegerar og rettshavarar.

Dagens inntekter til viltfondet har gjeve rom for å finansiere omsøkte tiltak. Framover er det forventa auke i aktivitetsnivå og finansieringsbehov, mellom anna innanfor fallvilt- og ettersøksordninga.

Kommunen har nyleg skrive avtale med ettersøksekvipasjar om offentlege ettersøk, noko som krev lovfesta kurs- og opplæringsaktivitet. I tillegg vil jaktrettshavarane si forvaltning gjennom nye bestandsplanområde og bestandsplanar, auke tiltaksaktiviteten og finansieringsbehovet, med

viltfondet som ei viktig tilskotskjelde. Vidare legg kommune opp til årlege fagsamlingar for jaktrettshavarane og bestandsplanområda. Samstundes kjem mogelege tiltak og aktivitetar som femner generell viltforvaltning. Det kan òg vere aktuelt å auke grunnkapitalen til fondet, dersom den økonomiske situasjonen gjev rom for det.

Hjortejakt i Vaksdal kommune dei siste fem åra viser følgjane uttak (tal dyr).

2011	2012	2013	2014	2015
206 stk.	198 stk.	225 stk.	202 stk.	194 stk.

Fellingsstatistikken og andre bestandsparameter tydar på at bestandsveksten har stoppa opp og stabilisert seg. I dette høve vert det søkt om færre fellingsløyve enn tidlegare års tildeling, og uttaket av dyr kan kome til å gå ned. Dette vil igjen kunne gje lågare inntektsgrunnlag for viltfondet, samstundes som behovet for finansiering truleg går opp grunna høgare aktivitetsnivå. Ei heving av fellingsavgifta vil kunne kompensere for dette, og rådmannen ser det som naturleg at satsane vert justert etter å ha stått urørde i 14 år.

Vidare er det eit poeng å samordne fellingsavgiftene med Voss, Modalen og Osterøy, sidan vi har teljande areal saman med desse kommunane i dei nye, kommuneoverskridande bestandsplanområda. Vaksdal kommune får truleg adminstrasjonsansvaret for område som også Modalen og Voss har areal i. Dette tydar at våre fellingsavgifter vert gjeldande for desse områda, med påverknad for dei andre kommunane sine inntekter.

Med utgangspunkt i den relativt store skilnaden i fellingsavgifter mellom aktuelle kommune, vil det vere tenleg med ei harmonisering. Rådmannen si vurdering er at bruk av staten sine maksimalsatsar, gjev eit for stort sprang i høve til dagens nivå. Det er meir høveleg å leggje seg på satsane som Osterøy kommune nyttar, med kr. 350,- for vakse dyr og kr 210,- for kalv. Dette gjev ei auke i satsar på kr. 50,- for vakse dyr og kr. 30 for kalv.

#### **Konklusjon:**

Rådmannen går inn for å heve fellingsavgiftene for hjort i Vaksdal kommune, frå kr. 300,- til kr. 350,- for vakse dyr, og frå kr. 180,- til kr. 210,- for kalv, med verknad frå jaktsesongen 2016.